

Statleg ingeniørkunst. Ingeniørane og etableringa av statlege industriselskap i Noreg, 1945–1949*

Håvard Brede Aven, Senter for profesjonsstudier,
Høgskolen i Oslo og Akershus

I byrjinga av 1946 presenterte avis Farmand følgande omtale av *ingeniørmentaliteten* for lesarane:

... en trang til å dirigere, en tilbøyelighet til å gjøre allting mest effektivt, uansett hvilken vei utviklingen går. De lider av ingeniør-mentaliteten som vil ha alt teknisk best mulig gjort, uansett omkostninger, uansett psykologiske konsekvenser. Slike folk er livsfarlige i revolusjonære tider og nasjonale kriser. De går fiendens ærender.

Karakteristikken, som stod på trykk i ei melding av eit teaterstykke av Arthur Koestler, gjekk ikkje upåakta hen blant norske ingeniørar. Jens Bache-Wiig, visepresidenten i Den Norske Ingeniørforening,¹ formulerte eit svar som kom på trykk i Teknisk ukeblad. Svaret bestod utelukkande av sarkastiske attgivingar av *Farmands* anklager og ironiske overdrivingar av ingeniørstandens ryggjeløyse: «En kan aldri vite når ekstraordinære forhold inntrer. Det er innlysende at det under *alle* forhold vil være farlig å slippe slike folk til. ... Jeg kan derfor bare gi ingeniørene det råd: Gå hjem og vågg!»²

* Eg vil takke Knut Sogner, Pål Nygaard og Fredrik W. Thue for verdfulle innspel til eit tidleg utkast.

¹ Teknisk ukeblad (heretter forkorta TU), nr 36 og 37, 1946.

² TU, 16. mai 1946, s. 271.

Bache-Wiig sitt sjølvskjert syrlege svar vitnar kanskje om at han, på vegne av profesjonen, ikkje kjende seg truga av den liberalistiske avisa *Farmand*. Ingeniørar dominerte som industrileiarar.³ Bache-Wiig sjølv var no styreformann i Hydro, eit av Noregs største selskap. Før det hadde han vore professor ved Norges tekniske høgskole (NTH), og i ettertid har han blitt karakterisert som «den mest erfarne industrileder i Norge».⁴ Men tok han det for gitt at denne posisjonen ville vare? Krisene i mellomkrigstida, med høg arbeidsløyse også blant ingeniørar, stod friskt i minne. Bache-Wiig kan også ha oppfatta innleget som ein kritikk av ikkje berre ingeniørar, men av han personleg. Som styreformann i Hydro, samt i Administrasjonsrådet i byrjinga av andre verdskrigen, hadde han etter Farmands – og mange andre – si meinung nettopp gått «fiendens ærender». Vyrdnaden hos *Farmands* redaksjon blei ikkje styrka av at han, og krinsen rundt han i leiinga til Den norske ingeniørforeining, kort tid etter krigen blei hyra inn som industripolitiske rådgjevarar av Arbeidarpartiregjeringa – som var, om ikkje ein fiende, så i alle fall rekna som ein motstandar av *Farmand*. Bache-Wiigs krins av direktøringeniørar var samtidig potensielle styremedlemmar og direktørar i dei nye statlege industriselskapa som blei etablaert. Kort tid etter blei Bache-Wiig då også styreformann i aluminiumsselskapet Årdal verk, medan presidenten i Ingeniørforeninga, Aage Owe, gjekk til direktørstillinga same stad; ein tredje av Bache-Wiig sine allierte i profesjonsforeininga, Rolf Østbye, blei administrerande direktør i Norsk Hydro, der staten no var største aksjonær; den fjerde, Alf Ihlen, blei direktør i det nyoppretta teknisk-naturvitenskaplege forskingsrådet.⁵

Den knappe meaningsutvekslinga mellom Bache-Wiig og *Farmands* skribent kunne vore ein inngang til ei rekke industripolitiske, økonomisk-historiske og profesjonshistoriske kontroversar. Her vil eg utforske eitt slikt spørsmål, nemleg kvifor ei rekke ingeniørutdanna industrileiarar altså tok del i etableringa av dei nye statsselskapa. Korleis oppfatta direktøringeniørane den utvida statlege industrieigarskapen?

Studier av statleg industrieigarskap i Noreg har gjerne undersøkt staten eller regjeringspartiet sine motiv og styringsinitiativ,⁶ noko som må seiast å vere

³ Pål Nygaard, *Ledelsesprofesjoner i næringslivet 1900–1970: hvorfor mistet ingeniørene hegemoniet til økonomene?*, i *Næringsliv og historie*, red. Espen Ekberg, Mikael Lönnborg, og Christine Myrvang, Oslo 2014.

⁴ Tore Grønlie, *Statsdrift: staten som industrieier i Norge 1945–1963*. Oslo 1989: 241.

⁵ Pål Nygaard, *Ingeniørenes gullalder: de norske ingeniørenes historie*. Oslo 2013.

⁶ Som standardverket til Tore Grønlie og den følgande debatten, jf. Grønlie 1989; Even Lange,

eit rimeleg utgangspunkt for å forstå fenomenet statsdrift. Den tidlege involveringa av erfarte ingeniørar og industrileiarar først som premissleverandørar, sidan som rådgjevarar, styremedlemmer og direktørar i statsselskapa, gjer imidlertid at ein også må skjøne korleis dei oppfatta etableringane. Direktørar og styreformenn i dei nye statsselskapa som blei etablert etter andre verdskrigen var i påfallande stor grad rekruttert blant sentrale tillitsmenn i Den norske ingeniørforening. Også dei øvrige industrileiarane som samarbeidde med og gav råd til den statlege industrialiseringa, som Elkems administrerande direktør Willy Eger, var gjerne ingeniørar.⁷ Den lange og mangslungne tradisjonen – frå Saint-Simon via Thorstein Veblen til Friedrich Hayek og Alexander Gerschenkron – for å kople ingeniørar og teknologar til særeigne visjonar for organiseringa av både bedrifter og samfunnet som heilskap, er ei ytterlegare tilskudding til å undersøke ingeniørane sine haldningar til statleg eigarskap.

Etableringa av statlege industriselskap i Noreg har i nyare tid vore koncentrert i særleg tre bølgjer: først ein periode på slutten av 1940-talet, deretter rundt 1960,⁸ og den (førebelts) siste bølgja var rundt 1970. Her vil eg ta for meg etableringa av statsselskap rett etter andre verdskrig og korleis ei gruppe av ingeniørutdanna industrileiarar forholdt seg til denne, med utgangspunkt i ei førebels analyse av debattane om Årdal Verk og Norsk Jernverk i Polyteknisk forening og *Teknisk ukeblad*.

Ingeniørmentalitet og statsdrift

I Bache-Wiig si handtering av anklagene frå Farmand tok han i ei handvending både avstand frå Farmands prinsipielle liberalisme og gjorde det klart at ein spesielt dirigeringsivrig ingeniørmentalitet for han var ein latterleg tanke. Dette var vel å merke ikkje eit nytt omgrep *Farmand* hadde mynta for å henge ut Bache-Wiig. Frå 1930-talet av hadde den norske arbeidarrørsla snakka varmt om «ingeniørmentaliteteten» for å appellere til ingeniørar og teknikarar. Berre

Førsteopponentinnlegg til Tore Grønlies ‘Statsdrift’, *Historisk tidsskrift* nr. 3, 1991; Tore Grønlie, Establishment of state-owned industrial enterprises: Norway in a west European context, *Scandinavian journal of history* nr. 3, 1992; Sverre A. Christensen, Statlig eierskap og nasjonal kontroll, i *Kapitalistisk demokrati? Norsk næringsliv gjennom 100 år*, red. Sverre A. Christensen, m. fl., Oslo: 2003. Dette gjeld hovudsakleg også Anne Kristine Børresen, *Drommer av stål: A/S Norsk jernverk fra 1940-årene til 1970-årene*. Trondheim 1995.

⁷ Jf. t.d. Nygaard 2013; Knut Sogner, *Skaperkraft: Elkem gjennom 100 år, 1904–2004*. Oslo 2003.

⁸ Grønlie 1989.

eit fåtal ingeniørar lot seg lokke, men det blei likefullt etablert ei sosialistisk ingeniørgruppe kalla Teknisk forening av DNA. På nokre punkt var det ei viss tilnærming: I møte med dei økonomiske krisene, og særleg på byrjinga av 1930-talet, tok sentrale personar i både Teknisk forening av DNA og skribentar i Teknisk ukeblad til orde for ei ny form for totaløkonomisk styring, tufta på *realressursar* framfor det som blei oppfatta som fiktive pengeverdiar. Den sentrale figuren i Teknisk forening av DNA, Ole Colbjørnsen, meinte òg at eit sentralt element i dette oppleget for planøkonomi burde vere å opprette ei rekke statsselskap.⁹ I følge Rune Slagstad kulminerte arbeidarrørsla si vending mot ingeniørane i at Arbeiderpartiets regjeringstid etter andre verdskrig blei ei «ingeniørmentalitetens storhetstid». Dette kom til uttrykk ikkje berre i sosialøkonomane si sentrale stilling som «sosialingeniører», men også «i sin «rene» ingeniørform» blant anna ved at ingeniørindustrialistar som Bache-Wiig blei sentrale i oppbygginga av både statseigd industri og industriell forsking.¹⁰

I motsetnad til Bache-Wiig kom *Farmand*, og redaktøren, Trygve Hoff, til å få marginal innverknad på den økonomiske politikken i etterkrigstida. Men som liberalistisk kritikar av Høgre så vel som Arbeidarpartiet, var Hoff ein av få i Noreg med nære band til miljøet rundt Friedrich Hayek og hans redningsaksjon for økonomisk liberalism.¹¹ Det er rimeleg å anta at *Farmand* sin bruk av omgrepet ingeniørmentalitet var inspirert av ei rekke artiklar Hayek skreiv på 1930- og 40-talet. Her åtvara Hayek mot ei tru på vitskapleg, planmessig styring av økonomien med røter tilbake til miljøet rundt den franske ingeniørhogskulen Ecole Polytechnique og særleg Henri de Saint-Simon, den utopiske sosialisten og industrialiseringsprofeten, tidleg i det nittande århundret.¹²

Hayeks samtidige, den russisk-amerikanske økonomiske historikaren Alexander Gerschenkron, var derimot noko meir sympatisk innstilt til Saint-Simons prosjekt. Når Gerschenkron i ein typisk passasje skildrar korleis Saint-Simon foreslo for *Marseillaisens* opphavsmann å skrive den franske nasjonalhymna om til ein «industriell Marseillaise», er det i ein fascinert snarare

⁹ Ketil Gjølme Andersen, En norsk 3-årsplan?, *Historisk tidsskrift* vol. 82, nr. 02, 2003; Tore Jørgen Hanisch og Even Lange, *Vitenskap for industrien: NTH – en høyskole i utvikling gjennom 75 år*. Oslo 1985: 104–07; Kjetil Jakobsen, «Efter oss kommer overfloden»: teknokratisk moderniseringsideologi i norsk politikk og samfunnsvitenskap 1917–1953, Hovudoppgåve, Universitet i Oslo, 1994.

¹⁰ Rune Slagstad, *De nasjonale strateger*. Oslo 1998 [2001]: 325.

¹¹ Lars Mjøset, Nyliberalisme, økonomisk teori og kapitalismens mangfold: noen historiske linjer og en norsk kasusstudie, *Agora*, 2011.

¹² Mange av artiklane blei seinare publiserte på ny i Friedrich A. von Hayek, *The counter-revolution of science: studies on the abuse of reason*. Glencoe, Ill 1952.

enn foraktfull tone.¹³ Saint-Simon og ingeniørane sin industrialiseringsiver og tru på sentral dirigering av økonomien inspirerte grunnleggarane av dei nye franske investeringsbankane, og liknande overtydingar i andre land blir tillagt ein sentral funksjon i Gerschenkron sin moderniseringsteori. Teorien hans tok først og fremst sikte på å forklare at såkalla tilbakeliggande land på det europeiske kontinentet etterapa den engelske industrialiseringa på vidt ulike vis. Gerschenkron peika på at medan den britiske industrialiseringa var finansiert av fabrikkeigarane sjølv, var det vekselvis investerings- og universelle bankar og statar, drivne av ei nærmest deterministisk industrialiseringstru, som pøsa investeringar inn i fransk, tysk og russisk industri. Særleg vektlegginga av den russiske staten si kompenserande rolle inspirerte både Francis Sejersted si framstilling av ein norsk industriell *Sonderweg* frå 1800-talet og frametter, og Even Lange si tolking av Arbeidarpartiet sine motiv for etableringa av dei nye statsselskapene etter 1945.¹⁴ Prega denne kompensatoriske tankegangen også dei norske ingeniørane?

Medan ideen om kompenserande investorar har funne gjenklang i tolkingane av statsdrift, var ein annan del av arven etter Saint-Simon, nemleg visjonen om teknokratisk styring av samfunn og industriproduksjon, på 1980- og 90-talet gjenstand for ei rekke kritiske studiar.¹⁵ Somme, som Kjetil Jakobsen og Even Lange og Tore-Jørgen Hanisch, meinte å vise at norske ingeniørar på 1930- og 40-talet var tilbøyelige til å støtte teknokratiske alternativ til den rådande varianten av kapitalisme og parlamentarisk demokrati.¹⁶ Seinare har Pål Nygaard derimot hevda at talsmenn for teknokratiske idear som rett nok prega spaltene i Teknisk ukeblad på 1930-talet, i realiteten var ei marginal gruppering, og at Den norske ingeniørforening, som representerte ingeniørane, tvert imot tok aktivt del i politiske prosessar framfor å rekne dei som hinder. Han, til liks med Tor Halvorsen og Rolf Torstendahl, har derfor hevda at omgrepene teknokrati er lite relevant for ingeniørprofesjonen sin faktiske politiske rolle i høvesvis Noreg og Sverige.¹⁷ Noko av denne usemjua

¹³ Det høyrer med til historia at opphavsmannen godtok forslaget. Alexander Gerschenkron, *Economic backwardness in historical perspective : a book of essays*. Cambridge, Mass 1962: 24.

¹⁴ Klarast uttrykt i Langes oppsiktsvekkande innverknadsrike førsteopponentinnlegg: Lange 1991.

¹⁵ Mellom anna på TMV/TIK-sentert; mykje oppsummert i Torben Hviid Nielsen, Einar Lie, og Sissel Myklebust, red., *I teknologienes tegn*, Oslo 1996.

¹⁶ Jakobsen 1994; Hanisch og Lange 1985.

¹⁷ Nygaard 2013; Tor Halvorsen, *Taylorismen i Norge: ideologi og profesjonaliseringstrategi*. Oslo 1994; Rolf Torstendahl, *Bureaucratization in Northwestern Europe, 1880-1985: domination and*

kan nok forklarast av at teknokratistudiane først og fremst har hatt dei teknokratiske *ideane*, og ikkje ingeniørane som profesjon, som sitt studieobjekt. I Jakobsen si studie tar kapitla om «ingeniørar» ikkje først og fremst for seg ingeniørar, men personar som stod for ei spesifikk forståing av korleis samfunnet burde styrast, ei forståing uttrykt gjennom ingeniør- eller maskinmetaforar.¹⁸ I daglegtale såvel som i ymse seinare teoriar om post-industrielle samfunn blir då også teknokrati nytta meir ålment som synonym for fagstyre, ikkje berre tekniker- eller ingeniørvelde.¹⁹

Det kan derfor vere oppklarande å skilje mellom ulike betydingar av teknokrati, for ikkje å blande det heile saman til ein suspekt ingeniørmentalitet.²⁰ Ein måte omgrepet har blitt brukt på, viser til ingeniørars krav om sentrale posisjonar i ei form for elitesirkulasjon. Denne varianten har mykje til felles med det Andrew Abbott kallar *jurisdiksjonsstrider* mellom profesjonar, eit fenomen ein finn i ulik grad blant dei fleste yrkesgrupper.²¹ Ei annan betydning inneber krav om meir rasjonelle prosedyrar for avgjerder, altså med større innverknad frå fagekspertise eller vitskapleg grunngjevne rutinar. Begge desse formene for teknokratiske idear kan enten søkast innan det eksisterande politiske og økonomiske systemet, eller kombinert med eit mylder av ulike former for meir grunnleggande kritikk av marknadsøkonomi eller parlamentarisk demokrati.

I første halvdel av det tjuande århundret gav framveksten av den bedriftsinterne planlegginga i dei nye (amerikanske) storføretaka, i form av både taylorisme og Fords masseproduksjon i vertikalt integrerte føretak, opphav til nye idear om planlegginga av produksjonen på både bedrifts- og nasjonalt plan. Det som særleg i ettertid har blitt kalla *ingeniørøkonomi* – igjen eit omgrep lånt frå Hayek – kan stå som døme på eit radikalt teknokratisk alternativ som sprang ut av utfordringa frå den amerikanske masseproduksjonen: Her blei verknadsgraden i omsetnad av energi, i staden for prismekanismen i marknaden, rekna som det sentrale målet på effektivitet. Ein implikasjon av

governance. London 1991.

¹⁸ Jakobsen 1994: del I: "Ingeniørene". Lange og Hanisch si studie har rett nok ingeniørane ved NTH og Teknisk ukeblad som sitt studieobjekt.

¹⁹ Jf. Anthony Giddens, *The class structure of the advanced societies*. London 1981: s. 255f.

²⁰ Det følgande skiljet er delvis basert på Boel Berner, *Teknikens värld: teknisk förändring och ingenjörsarbete i svensk industri*. Lund 2012.

²¹ Andrew Abbott, *The system of professions: an essay on the division of expert labor*. Chicago 1988; Jan Messel og Rune Slagstad, *Profesjonshistorier*. Oslo 2014.

eit slikt syn på effektivitet, var at sentralisert, ingeniørstyrt planøkonomi kunne framstå som den ideelle organiseringa av den samla produksjonen i eit land. Frå sitt opphav i Weimar-republikken inspirerte dette idékomplekset også Teknisk forening av DNA frå 1930-talet.²² Framveksten av storføretaka bidrog også til ei fornja interesse for ulike idear om at ingeniørar (eller andre ekspertar eller fagfolk), og ikkje føretakseigarane, kunne organisere både industriproduksjonen og samfunnet for øvrig.²³

Nettopp det mangfaldige i omgrep som ingeniørmentalitet, ingeniørøkonomi og teknokrati gjer det komplisert å nytte desse omgrepene. Frå første stund har dei vore nytta som honnørord av somme og som skjellsord av andre, mellom anna (til liks med totalitarismeomgrepet) for å framheve likskapar mellom fascistisk og kommunistisk ideologi. Med ei slikt skilje mellom dei ulike måtane omgrepene har blitt brukt på, kan det likevel vere instruktivt å nytte dei som ein inngang til å forstå kvifor direktøringeniørar som Bache-Wiig, Owe og Eger støtta opp om etableringa av dei nye statsselskapene og, ikkje minst, som eit utgangspunkt for å samanlikne konkurrerande syn.

Ingeniørprofesjonens industripolitiske blomstring

I den grad ein finn koplingar mellom ingeniørar, industrialiseringsideologi og statleg industrireising i norske studiar av statsdrift, er det gjerne Teknisk forening av DNA sin innverknad i regjeringspartiet og forvaltninga som har blitt trekt fram. Og ganske riktig: Om norske ingeniørar fekk innverknad ved å ha posisjonar i statsapparatet, gjaldt det i første rekke denne gruppa av sosialistiske ingeniørar. Det er med tanke på desse at Tore Grønlie har karakterisert perioden rett etter andre verdskrigen som «ingeniørprofesjonens hektiske industripolitiske blomstring og raske død». I løpet av kort tid overtok sosialøkonomane både stillingar og definisjonsmakt frå ingeniørane i det nyopprettet Industridirektoratet (som snart blei eit eige departement), og Grønlie hevdar at ingeniørane ikkje blei «noen ‘offentlig profesjon’ som så seg tjent med et

²² Ketil Gjølme Andersen, *Den teknologiske og den økonomiske fornuften: tysk nasjonaløkonomi mellom Bildung og rasjonalisering 1909–1939*, Universitetet i Oslo, 2002; Andersen 2003.

²³ Jf. t.d. Thorstein Veblen, *The engineers and the price system*. New York 1921; Pål Nygaard, Professional Autonomy versus Corporate Control, *Professions & Professionalism* vol. 2, nr. 1, 2012. For den sosiologiske debatten om forholdet mellom eigarskap, leiing og kontroll, sjå t.d. Maurice Zeitlin, Corporate Ownership and Control: The Large Corporation and the Capitalist Class, *American Journal of Sociology* vol. 79, nr. 5, 1974.

sterkt fagpolitiske engasjement overfor – eller innenfor – det offentlige». Som profesjon var dei mindre avhengige av ei sterk statleg satsing enn til dømes legar og sosialøkonomar, som gjekk inn i høvesvis det helsepolitiske «systemet Evang» og det økonomisk-politiske jerntrianglelet.²⁴

Eg vil likevel hevde at ingeniørane både hadde sterkare interesser og større innverknad overfor det offentleg enn det Grønlie gir inntrykk av, men vel å merke gjennom andre kanalar enn sosialøkonomane. Gitt at den raske industrialiseringa som skulle til for å sikre ingeniørar arbeid og innverknad føresette ein aktiv stat, var ingeniørane vel så avhengige av staten som det andre profesjonar var.²⁵ Grønlie har også sjølv, i andre arbeid, vist at ingeniørane som leia statsselskapa hadde stor innverknad over industripolitiske avgjerder – men utan å dvele ved profesjonstilhøyrsla, bakgrunnen eller haldningane deira for øvrig. Innan teknologi- og forskingspolitikk har Olav Wicken vist at ingeniørar var sentrale premissleverandørar, og Knut Sogner har framheva den aktive deltakinga frå private industrileiarar (kor ingeniørar dominerte) i både utforminga av industripolitikk og i statlege industrifond.²⁶

Som nemnt innleatingsvis har også Rune Slagstad argumentert for at gruppa av direktøringeniørar, med Bache-Wiig som midtpunkt, var viktige industrielle strategar i den tidlege etterkrigstida. Under andre verdskrig hadde desse ingeniørane møttest under dekke av eit bridelag for å diskutere illegalt arbeid og industripolitikk.²⁷ Etter krigen blei dei rådgjevarar for regjerings industri- og forskingspolitikk, og påverka kursen til statsselskapa. I Slagstad si framstilling kom desse sigrande ut av ein industripolitisk strid med sosialistiske ingeniørar i DNAs Tekniske Forening.²⁸ Industrialiseringa skjedde dermed etter dei etablerte direktøiane si oppskrift – men no med staten som eigar. Slagstad

²⁴ Tore Grønlie, Industriforvaltningen - et styringsredskap?, i *Arbeiderpartiet og planstyret 1945-1965* red. Trond Nordby, Oslo: 1993: 137, 30-1.

²⁵ Nygaard 2013: 36.

²⁶ Grønlie 1989; Olav Wicken, Teknologer og industriutvikling, i *Arbeiderpartiet og planstyret 1945-1965* red. Trond Nordby, Oslo: 1993; Sogner 2003; Knut Sogner, *Fra plan til marked: staten og elektronikkindustrien på 1970-tallet*. Oslo 1994.

²⁷ Alliansen mellom dei leiande ingeniørane og arbeidarrørsla kan nok til dels forklaraast med samhaldet frå motstandsrørsla under krigen; sjølv om Bache-Wiig og andre blei mistrudde for å ha gått for langt i å samarbeide med dei tyske okkupantane, hadde altså dei same ingeniørane også vore aktive i motstandsarbeidet. Nygaard 2013.

²⁸ Slagstad 1998: s. 337-45. Samtidig var Høgre og særleg Carl Joachim Hambro skeptiske til rask industrialisering, noko som naturleg nok svekka deira appell hos ingeniørane. Jf. Even Lange, *Samling om felles mål: 1935-1970*. Oslo 1998; Francis Sejersted, *Opposjon og posisjon: Høyres historie 1945-1981*. Oslo 1984.

si framstilling undervurderer likevel innverknaden dei ingeniørutdanna direktørane hadde fram mot etableringa av statsselskapa.

Krinsen rundt Bache-Wiig har gjerne blitt framstilt som del av nettverket Studieselskapet for norsk industri, som omfatta leiarar frå dei fleste større private industriverksemidene i landet og som også var dominert av ingeniørar.²⁹ Formålet til Studieselskapet var, i følge Francis Sejersted, å koordinere det private eigarskapet i ei nasjonal industriutbygging, som alternativ til den statleg regisserte industrireisinga som Arbeidarpartiet og LO planla i eksil. At denne private framstøyten langt på veg feila på 1940-talet, i alle fall med tanke på å etablere eit nytt norsk jernverk, har særleg Sejersted tolka som eit uttrykk for at storborgarskapet ikkje var i stand til å opptre som industriell strateg.³⁰ I staden vart det Even Lange har kalla statleg «kompensatorisk entreprenørskap» eit viktig innslag i etterkrigstidas industrireising.³¹

Framstillinga av Studieselskapet som eitt samordna privat forsøk på å komme ei statleg industrireising i forkjøpet bør modererast. Nygaard har argumentert for at Studieselskapet og Bache-Wiigs bridelag må sjåast som to separate grupperingar når det kjem til spørsmålet om industrieigarskap. Initiativtakarane til Studieselskapet – direktør i Christiania Spiger verk, Gunnar Schjelderup, og direktør i Elektrokemisk, Willy Eger – hadde bakgrunn frå Industriforbundet og private industribedrifter, og ønska av den grunn å konolidere den private eigarskapen.³² Direktöringeniørane i krinsen rundt Bache-Wiig hadde derimot ei ytterlegare forankring i profesjonsorganisasjonen Den Norske Ingeniørforening. For dei måtte spørsmålet om eigarskap sjåast i samanheng med det som må karakteriserast som profesjonspolitikk: dei ville sørge for ei industriell modernisering med kyndige ingeniørar, ikkje eigarane, i førarsetet.³³ Bedriftshistoriske studiar av Elektrokemisk kan imidlertid tyde på at motsetnadane var noko mindre,³⁴ men implikasjonane dét har for for-

²⁹ Stig Kvaal, *Janus med tre ansikter: om organiseringen av den industrielt rettede forskningen i spennet mellom stat, vitenskap og industri i Norge, 1916-1956*, NTNU, 1997; Slagstad 1998: s. 337–46; Grønlie 1989: s. 111.

³⁰ Francis Sejersted, Den norske ‘Sonderweg’, i *Demokratisk kapitalisme*, Oslo: 1993: s. 142–3. Argumentet er basert på hovudoppgåva til Svein Sevje, men langt klarare uttrykt hos Sejersted. “En uheldig hund i keglesspill”: *Studieselskapet for norsk industri*, 1977.

³¹ Lange 1991.

³² Industriforbundet hadde også eit eige industriasjonaliseringeskontor (IRAS) bemanna av ingeniørar.

³³ Nygaard 2013: 94–96.

³⁴ Sogner 2003.

ståinga av Studieselskapet har i liten grad blitt fulgt opp vidare. Sjølv om leiarjiktet i Ingeniørforeninga hadde ein sterk profesjonsidentitet, høyarde også dei til direktørsjiktet i den privateigde industrien: Bache-Wiig i Standard Telefon og Kabelfabrikk, Alf Ihlen (og broren Joakim) i Strømmens verksted, og Aage W. Owe i margarinproduksjon.

Skepsis til statsbedriftene

Om ein rettar blikket mot korleis dei to statsselskapa Årdal verk og Norsk Jernverk blei oppfatta i spaltene til Teknisk ukeblad på slutten av 1940-talet, ser ein fort at det ikkje rådde nokon konsensus. Men usemja blei først og fremst uttrykk i diskusjonar om teknologiske val og om geografisk plassering, til dels om prioriterting av investeringar, og sjeldnare i synspunkt på kor vidt staten ville vere ein eigna industrieigar.

Det fanst stålverk i Noreg også før 1945. Men Christiania Spigerverk og Stavanger stålverk var små, basert på skrapjern og ikkje i stand til å drive foredling av malm. Med tanke på å utnytte vasskrafta og dei nordnorske jernmalmførekomstane, samarbeidde Elektrokemisk, Christiania Spigerverk og staten i mellomkrigstida om å både vidareutvikle ein norsk produksjonsmetode og planlegge fabrikkanlegg. Dette samarbeidet låg til grunn då Stortinget kort tid etter frigjeringa i 1945 vedtok å etablere eit norsk jernverk.³⁵ Kva gjaldt aluminiumsindustrien, var Elektrokemisk allereie eit verdsleiane selskap innan smelteteknologi, på grunn av Söderberg-elektroden selskapet hadde patent på. Elektrokemisk var likevel først og fremst eit konsulent selskap, og aluminiumsproduksjonen i landet for øvrig føregjekk i liten skala samanlikna med både utanlandske produsentar og med planane for Årdal verk.³⁶

Planane for eit norsk jernverk var tufta på ein ambisjon om å reise fabrikk-anlegga i Trøndelag eller Helgeland, forsynt med jernmalm frå gruvene i Nordland og drivne med vasskraft. Ein av dei som var kritiske til planane var ingeniøren Fredrik Hurum, som dreiv sjølvstendig konsulentverksemd i Oslo, som fekk på trykk det han kalla ei «demagnetisering» av jernsaka i romjula

³⁵ Tore Grønlie, *Jern og politikk 1945–1955: A.S Norsk jernverk, beslutningsprosessen fra plan til produksjon*. Bergen 1973: s. 14.

³⁶ Sogner 2003.

1945. Jernmalm tolte transport betre enn ferdigvalsa stålprodukt, og var dermed billegare å frakte. Hurum argumenterte derfor for at eit eventuelt stålverk heller burde leggast til Oslofjord-området, nært både innanlandsk forbruk og eksporthamn: «[D]et er riktigst å si at der hvor forbruket ligg, er stålverkets rette plass». Av same grunn, kombinert med at utnytting av jernmalm føresette stålverk av større skala for å svare seg, meinte han at ein burde eksportere jernmalm og framleis basere innanlands stålproduksjon på skrapjern.³⁷

Hurum var altså skeptisk til planane om eit norsk stålverk slik dei låg føre uavhengig av om det blei realisert av private eller staten. Det tilsvarande forsvaret for planane var karakterisert av liknande teknisk argumentasjon, supplert med appellar til geopolitiske og nasjonale omsyn: Ingeniør Marius Brostrup Müller ved Norsk Jernverk viste til «rene høyverdige malmer og billig hydroelektrisk kraft» i regionen, samt at det blei stadig knappare tilgang på skrapjern utanlands.³⁸

Liknande argumentasjonsrekker dominerte også i debatten om kva som skulle gjerast med produksjonsanlegget for aluminium som den tyske okkupasjonsmakta hadde begynt å bygge i Årdal, og vasskraftstasjonen i Tyin som var bygd for å forsyne den. Ein av dei lengre gjennomgangane av temaet konkluderte med at det burde byggast overføringsliner til Austlandet, slik at krafta kunne nyttast av eksisterande industri og til privat forbruk i dei større byane, framfor å forsyne ein konjunkturavhengig eksportindustri med usikker marknadsadgang.³⁹ Denne uroa blei først delt både av Willy Eger og av Erik Brofoss.⁴⁰ Det var med tanke på slike tidlegare vurderingar at Aage W. Owe, direktør i Årdal verk, kort tid etter produksjonen var i gong hevda at «jeg tror neppe det er mange med tilstrekkelig kjennskap til forholdene som i dag vil hevde at det var galt at A/S Årdal Verk ble opprettet.» Owe sikta til at det ikkje var noko problem å få avsetning for aluminium på verdsmarknaden: «Hvis ikke verden igjen går helt av lage, er det derfor god grunn til å tro at A/S Årdal verk vil være en ny industriell provins til landet lagt.»⁴¹

³⁷ Hurum, «Stålverket», i TU 27. desember 1945, s. 365. Sjå også Hurum, «A/S Norsk Jernverk – til nytte eller skade for landet?», TU nr. 18, 1. mai 1947.

³⁸ Brostrup Müller, «Jernverket – til nytte for landet», TU nr 25, 19. juni 1947.

³⁹ Mørch, «Bør Tyinkraften overføres til Østlandet?», TU nr. 17, 2. mai 1946.

⁴⁰ Sogner 2003: 127.

⁴¹ Aage W. Owe, «A/S Årdal verk», TU nr. 1 1949.

Det var også dei som meinte at statsselskap uvegerleg ville bli til tungrodde papirmøller og pengesug, som resultat av «den politiske innblanding og det departementale stell». I ein kommentar til Bache-Wiig hevda Thomas Schlytter at «statens initiativ i industrien ... må nødvendigvis føre til en sammenblanding av næringsliv og politikk, som er ytterst uheldig og i lengden medfører fare for at den demokratiske styreform gjøres umulig».⁴² Men slike dystre spådommar finst knapt utanom dette einskilde innlegget. Schlytter var for øvrig ikkje nokon sentral person i Polyteknisk foreining, men noko så sjeldan som ein sjøverklært nyliberalist.⁴³

Ein finn heller ikkje teikn til konflikt om etableringa av statsselskap mellom Eger og Schjelderup på den eine sida, og Bache-Wiig, Østbye, Ihlen og Owe på den andre, i Teknisk ukeblad. Det som først og fremst karakteriserte innlegga til Eger og Schjelderup var ei nærmast panegyrisk hylling av ingeniørane og prestasjonane til norsk næringsliv. Vel å merke ytra ikkje Eger, som skreiv om Studieselskapet tidleg i 1946, eitt ord til forsvar for planane om nye stats-selskap. Schjelderup, som heldt sitt innlegg om rolla til ingeniørane i det norske næringslivet tre år seinare, åtvara mot at småselskap, «de 1000 bekker små», hadde lett for å «undervurderes i statsdirigerte samfunn». Han nemnde derimot ikkje dei nyetablerte statsselskapene.⁴⁴ Sjølv om å teie ikkje nødvendigvis er å samtykke, er det knappast noko markert motstand. Utsegnene til Schjelderup vitnar kanskje heller om at det viktigaste for han ikkje var å unngå statsdrift, men å unngå sterke kontroll frå regjeringshald.

The dirty work

Grønlie har hevda at det var vanskeleg for Arbeidarpartiregjeringa og industri-forvaltninga å rekruttere erfarne industrileiarar til direktørstillingar og styreverv i statsbedriftene. Bache-Wiig måtte overtalast til å akseptere vervet som styreformann i Årdal verk; kort tid etter skreiv han i eit brev at «som den tosk jeg

⁴² Schlytter, «Sosialisering – åpent brev til direktør, professor J. Bache-Wiig», TU nr 23 3. juni 1948, s. 302.

⁴³ Schlytter var formann i ei lita, nystifta foreining kalla «Reisning – For Frihet og Kultur – mot Trangsyn og Tvang», og hadde eit par år i forvegen gitt ut ei bok kalla *Frihet eller tvangsoekonomi?* Jf. *Verdens gang*, 11. mai 1946 s. 2; Sjå også Schlytters kritikk av Sjur Lindebrække i same avis 5. november 1947, s. 2 og 6.

⁴⁴ Eger, «Studieselskapet for norsk industri», TU nr. 15, 11. april 1946; Schjelderup, «Ingeniøren av i dag», TU nr. 44, 3. november 1949.

er, så lot jeg mig lure til å overta stillingen». I følge Grønlie uttrykte bedriftsleiarane som sa ja til desse verva, som stort sett var rekrutterte frå krinsen rundt Bache-Wiig og frå jernverkskommisjonen, at dei gjorde det utifrå ei pliktkjensle når statsråden spurde dei.⁴⁵ I ettertid samanlikna Bache-Wiig arbeidet sitt i statsselskapet med samarbeidet med tyskarane i Administrasjonsrådet og Norsk Hydro under krigen: «Noen måtte gjøre ‘the dirty work’».⁴⁶

Også utsegner frå Bache-Wiig i Teknisk ukeblad tyder på ei slik haldning til statsdrift. Når selskapa no ein gong var etablert, måtte ein forsøke å gjere det beste ut av situasjonen: «Det er en kjensgjerning at myndighetene går inn for å eie bedrifter i aksjeselskapsform. Når så er tilfelle, tror jeg ikke det er riktig av oss, som har en viss viten om bedriftsledelse, å holde oss borte når vår medvirkning ønskes. Vårt samfunn er lite og vi har ikke råd til å øde vår kapital. Det vil lett skje om folk uten erfaring settes til.»⁴⁷

Ein bør likevel ikkje tolke den tidlege skepsisen til å aktivt ta del i styringa av statsselskapa som eit uttrykk for ei opphaveleg motvilje mot statsdrift som sådan. Det er vel å merke sannsynleg at Bache-Wiig først var skeptisk til å bygge eit statleg aluminiumsverk i Årdal. Seinare på 40-talet omtalte han i alle høve den statlege eigarskapen i Årdal verk som eit særtilfelle, eit utfall av at staten brått måtte overta fabrikkanlegg som den tyske okkupasjonsmakta hadde initiert. Også på grunn av at han meinte aluminiumsverket kunne ha blitt reist av private selskap, ville han ikkje sidestille det med andre statsaksjeselskap som han meinte kunne grunngjenvært uavhengig av krigsoppgjeret.⁴⁸

Derimot var, som Slagstad nemner, Aage Owe og brørne Alf og Joakim Ihlen overtydde om at aluminiumsverket burde byggast og at det burde skje i statleg regi, og det var dei som overtalte Bache-Wiig om det same. Men kva var det som dreiv dei, og etter kvart Bache-Wiig, til å omfamne statsaksjeselskapa?

Teknokratiske ambisjonar?

Ei kime til ingeniørane sin tilslutnad til statsselskapa kunne, som tidlegare nemnt, tenkast å vere arbeidarrørsla si industrimodernistiske nyorientering i

⁴⁵ Grønlie 1989: 241.

⁴⁶ Slagstad 1998: 343–4.

⁴⁷ Bache-Wiig, TU nr 23 1946, s. 302.

⁴⁸ Bache-Wiig, svar til innlegg av Thomas Schlytter, TU nr. 23 1948, s. 302.

mellomkrigstida, der ein appellerte til ideane om teknokrati og ingeniørøkonomi som var i vinden i både USA og Europa. Men ordskiftet om slike idear, som prega spaltene til Teknisk ukeblad på 30-talet, var falma i andre halvdel av 1940-talet. Fleire av dei som hadde vore mest sentrale i 30-åras teknokratidiskusjonar var enten dømde eller mistenkte for landssvik, som den tidlegare redaktøren av Teknisk ukeblad, Øyvin Lange og Bertram Dybwad Brochmann, eller utanlands, som Joakim Lehmkuhl.

Ideane dukka rett nok opp no og då frå 1945 og framover. Våren 1946 skreiv Kristian Løken, som også hadde vore aktiv på 30-talet, ein artikkel der han tok til orde for eit nytt pengesystem, inspirert av ideane frå nettopp den amerikanske teknokratirørsla og Bertram D. Brochmann. Her retta han ein skarp kritikk mot det klassiske økonomifaget, samtidig som han avslutta med at det var «gledelig å notere at endel av våre hjemlige økonomer og statsmenn allerede har tatt problemene opp til diskusjon»,⁴⁹ truleg med tanke på professor Ragnar Frisch og statsråd Erik Brofoss. Talsmann for ingeniørøkonomi eller «totalitetsøkonomi» som Bertram D. Brochmann og Øyvin Lange, hadde ønska «en ny sosialøkonomisk vitenskap som anla ingeniørfagets metodologi på samfunnet som helhet». Ragnar Frischs sosialøkonomiske nyvinningar var dels inspirert av slike idear, og vektlegginga av realøkonomien framfor pengeverdiar eller «fiksjonsøkonomi» blei ført vidare i Frisch sitt arbeid med nasjonalbudsjettet.⁵⁰ Det som er verdt å merke seg i denne samanhengen, er at Løken – ulikt til dømes Ole Colbjørnsen – ikkje sette desse ideane i samanheng med framlegga om statleg eller anna kollektiv overtaking eller nyetablering av produksjonsanlegg.

Ein kan, som venteleg er, også finne mange døme på innlegg i Teknisk ukeblad som la sterk vekt på ingeniørkunsten si betyding for samfunnet for øvrig. Marius Brostrup Müller, ein leiande ingeniør ved Norsk Jernverk, meinte at etableringa av jernverket var naudsynt fordi «[j]ern og stål danner grunnlaget for hele den vesterlandske sivilisasjonsform». Han la vekt på at ein ikkje kunne basere ei slik sentral investeringsavgjerd på skiftande konjunkturar og kortsiktige prisar: «en gang må dette løft tas.»⁵¹ Men sjølv om slike resonnement kanskje ymtar om å skilje fiksjonsøkonomi frå realøkonomi, er

⁴⁹ Kristian Løken, «Pengene og livet», TU 23. mai 1946, s. 275.

⁵⁰ Jakobsen 1994: 103–04.

⁵¹ Marius Brostrup Müller, «Jernverket – til nytte for landet», i TU nr 25 19. juni 1947.

det heller ikkje noko i Brostrup Müller sitt innlegg som identifiserer statsselskapet som eit ledd i ei planøkonomisk satsing.

Jens Bache-Wiig stilte seg på si side avvisande til det ingeniørinspirerte sosialøkonomifaget. I eit omfattande føredrag i Polyteknisk foreining, publisert i Teknisk ukeblad i 1947, åtvara han mot å tru at statleg motkonjunkturpolitikk etter Frischs modell kunne unngå eller dempe konjunktursvingingar, sidan «staten selv er underlagt konjunkturene»: «I gode tider er man optimistisk, i dårlige ser man svart». Dette gjaldt i endå større grad for staten enn for private bedrifter, meinte Bache-Wiig; dels fordi politikarane var prisgitt veljarane sine reaksjonar, dels fordi «de menn som steller med tingene i stortingskomitéer, departementer og direktorater, ikke har noe økonomisk ansvar for hva deres beslutninger resulterer i.»⁵²

Slagstad har peika på at Bache-Wiig sitt seinare engasjement mot fullmaktslovene og prislova, som kan sjåast som ei utfordring av bedriftsleiarane sin styringsrett, bidrog til at Arbeidarpartiet modererte lovforлага på byrjinga av 1950-talet.⁵³ Men bodskapen i Polyteknisk forening viser at Bache-Wiig sitt engasjement ikkje berre var retta mot det eine leddet i Arbeidarpartiet sin økonomiske politikk, men mot dei viktigaste elementa i det som elles blir omtalt som sosialøkonomane sin ambisjon om å vere samfunnsingeniørar. Bache-Wiig står dermed som eit døme på at der dei «rene» ingeniørane fekk størst innverknad, bidrog dei til å moderere såkalla sosial ingeniørkunst frå statleg hald og til å halde fast ved marknadsøkonomien. Men sjølv om Bache-Wiig var skeptisk til statleg sentral planlegging, kan det tidlegare engasjementet i Studieselskapet og i Ingeniørforeininga tyde på at han var positiv til noko sterke koordinering av industriproduksjonen. Det er likevel milevidt unna den ingeniørøkonomiske trua på at sentral, statleg planlegging var både mogeleg og ønskeleg. Uansett var han klar på at regjeringa ikkje burde detaljstyre statselskapa som ein del av den øvrige økonomiske politikken. Der Saint-Simon hadde formana til at franske investeringsbankar kunne stå for ein sentral dirigering av industriproduksjonen,⁵⁴ ser det ut til at Bache-Wiig var svært skeptisk til ei tilsvarande rolle for den norske staten.

⁵² Bache-Wiig, «Norsk industri og dens fremtid» TU, nr. 42 1947, s. 570.

⁵³ Grønlie 1989: 135–36; Slagstad 1998: 344–45.

⁵⁴ Ketil Gjølme Andersen, Allmennytte og egennytte fra Adam Smith til Henry Ford, i *I teknologiens tegn*, red. Einar Lie, Sissel Myklebust, og Torben Hviid Nielsen, Oslo: 1996.

Tore Grønlie, og i endå større grad Slagstad, har også lagt vekt på at direktøringeniørane la ein dempar på ambisjonane til dei sosialistiske ingeniørane i Teknisk forening av DNA. Bache-Wiig ville «sørge for at Årdal ikke ble noe eksperiment i sosialisme» – og lukkast med det, slik at «moderniseringsprosjektet gradvis ble omformet fra det sosialistiske til det atlantiske».⁵⁵ Som eit døme på det blir særleg striden om oksyd-avtalen ved Årdal verk framheva. Somme av dei sosialistiske ingeniørane, ført av Lorentz Conradi, ville at Årdal verk skulle produsere oksyd til aluminiumsproduksjonen sjølv, og at det var naudsynt for å sikre selskapet uavhengigheit. Styret gjekk heller inn for ein avtale om oksyd-leveransar frå den kanadiske storprodusenten Alcan. Bache-Wiig og Owe sitt engasjement i høvesvis styret og administrasjonen bidrog dermed både til å legge planane om ei sosialistisk mørnsterbedrift på is og til å nedprioritere sjølvforsyningsgraden til den norske aluminiumsproduksjonen. Men sjølv om Slagstad på denne måten understrekar motsetnadene mellom dei sosialistiske ingeniørane og dei med bakgrunn frå det private næringslivet, kan den overordna fortellinga om den industri-modernistiske ingeniørmentaliteten gjere at ein misser viktige industripolitiske skilje av syne.

Som ein konsekvens av deira manglande tru på at staten kunne styre og drive med langsigktig planlegging, var både Bache-Wiig og Owe også svært nogene med å understreke at statsselskapet måtte «ledes etter sunne forretningsmessige prinsipper og av folk som kan sine ting ... uavhengig av departementalt styre og Stortingets bevilgninger».⁵⁶ I det som elles er formulert som ein reit teknisk gjennomgang av Årdal verk sine første år, publisert i Teknisk ukeblad i 1949, var Owe sitt einaste eksplisitt politiserte poeng (utanom nokre henvisningar til oksyd-avtalen) at styra i statsaksjeselskapet måtte vere fristilte frå regjering og storting.⁵⁷ Her kan vi ane konturane av ein teknokratisk argumentasjon andsynes den industripolitiske styringa til folkevalde organ, men avgrensa til styringa av kvart einskild føretak.

Eit slikt prinsipp om leiarmakt var vel å merke ikkje noko ein kunne ta for gitt i større private selskap i mellomkrigstida. Medan Borregaard og Hydro hadde ei nokså uavhengig leiing, var tilhøvet mellom eigalar og leiarar meir

⁵⁵ Slagstad 1998: 343–44.

⁵⁶ Bache-Wiig, «Norsk industri og dens fremtid» TU, nr. 42 1947, s. 583.

⁵⁷ Aage W. Owe, «A/S Årdal verk», TU nr 1 1949.

betent i selskap som Hafslund og Elektrokemisk.⁵⁸ Kanskje hadde Bache-Wiig dette i tankane då han grunna synet sitt i at sterkare parlamentarisk styring ville vere som om «et aksjeselskap skulle disponeres ut fra aksjonærenes privatøkonomiske interesser».⁵⁹ Kontrollen Owe og Bache-Wiig krevde i statsaksjeselskapa opna i alle høve for ein større grad av leiarkontroll enn det som hadde vore tilfelle i fleire private selskap. Jens Arup Seip hevda at direktørane var «til sin overraskelse, kommet i paradis» under Arbeidarpartiets regjeringstid, men dei tidlege utspela til Owe og Bache-Wiig kan tyde på at dei ikkje var så overraska. Ei slik tolking er interessant i lys av den *managerial revolution* som Alfred Chandler identifiserte for amerikanske storføretak i dei føregåande tiåra.⁶⁰ Chandler hevda det var omfanget av verksemdene, drivne fram av ny teknologi og infrastruktur som telegraf og jernbane, kombinert med organiseringa i aksjeselskap der eigarskapen var spreidd og passiv, som førte til at leiarane sin kontroll blei styrka. Chandler si tolking har blitt kritisert for å vere i overkant teknologideterministisk,⁶¹ og i ein norsk samanheng kan ein nok også seie at statleg regulering, i form av til dømes favorisering av reinvestering framfor store utbytte, på eit vis allierte seg med dei tilsette direktørane.⁶² Owe og Bache-Wiig si vektleiing av ei uavhengig leiing antyder at også ein aktiv profesjonspolitikk frå ingeniørane si side kan ha påverka, eller i alle høve forsterka, ein slik statleg mellomkomst. Ein kan såleis ikkje sjå dei industripolitiske utspela deira avsondra frå ingeniørforeininga sine ambisjonar om at ingeniørar skulle dominere som industrileiarar.⁶³ Dei alternative leiarane her ville imidlertid neppe vore andre profesjonar, men ingeniørar, teknikarar eller politikarar med bakgrunn frå arbeidarrørla.

Samtidig som direktørsjiktet blant ingeniørane ikkje delte dei sosialistiske ingeniørane og sosialøkonomane sine ambisjonar om å bli samfunnsteknikarar

⁵⁸ Trond Bergh og Even Lange, *Foredlet virke: historien om Borregaard 1889–1989*. Oslo 1989; Ketil Gjølme Andersen, *Flaggskip i fremmed eie: Hydro 1905–1945*. Oslo 2005; Knut Sogner, Lederkapitalisme og eierkapitalisme: energiselskapet Hafslund formes, i *Demokratisk konservatisme: festskrift til Francis Seierseth*, red. Fredrik Engelstad, m. fl., Oslo: 2006; Sogner 2003.

⁵⁹ Bache-Wiig, «Norsk industri og dens fremtid», TU, nr. 42 1947, s. 583

⁶⁰ Alfred D. Chandler, *The visible hand: the managerial revolution in American business*. Cambridge, Mass 1977.

⁶¹ Richard R. John, Elaborations, Revisions, Dissents: Alfred D. Chandler, Jr.'s, The Visible Hand after Twenty Years, *Business History Review* vol. 71, nr. 02, 1997.

⁶² Knut Sogner, Makt over beslutningene, i *Kapitalistisk demokrati? Norsk næringsliv gjennom 100 år*, red. Sverre A. Christensen, m. fl., Oslo: 2003: 44.

⁶³ Jf. Nygaard 2013: 63ff.

eller samfunnsingeniørar, fekk dei altså ein sentral plass i dei nye statsselskapa. Aage Owe var rekna for å ha ein nokså autoritær leiarstil som administrerande direktør i Årdal;⁶⁴ han bygde opp ein hierarkisk struktur i ei slags brytning mellom tysk byråkrati og tayloristiske arbeidsstudier, altså langt ifrå ei arbeidarstyrt mønsterbedrift. Owe og Bache-Wiig kunne på eit vis gå inn for teknokratisk styring i statsselskapa, avgrensa nedåt mot arbeidarane og oppover mot forslag om teknokratisk styring av den samla industripoduksjonen i landet.

Vektlegginga av at kompetente administratorar, nærmare bestemt ingeniørar, måtte føre an i statsbedriftene, delte Bache-Wiig og Owe med ei rekke andre innlegg i Teknisk ukeblad. Vekebladet brakte til dømes ei melding av Georg Brochmann si bok om Tennessee Valley Authority (TVA), med rosande omtale av ingeniørgjerningane der: «Et eventyr om en glimrende organisasjon og fantastiske ingeniørarbeider som i løpet av snaue ti år forvandler et område av U.S.A., like stort som hele Norge, fra å være et ukjent land med en sløvet og tilbakeliggende befolkning, til å et blomstrende, vakkert land med glade og optimistiske innbyggere».⁶⁵ Noko meir sober formulerete skildringar kunne ein også lese i ein større oversiktsartikkel frå TVA hausten før, skiven av ingeniør Einar Strømme. Her nemnde han kort at det var Kongress-løyvingar som sytte føre utbygginga, men la desto større vekt på ingeniørane sine bragder med flomregulering og kraftstasjonar og på den påkosta arkitektoniske utforminga av anlegga.⁶⁶

Teknisk ukeblad og Polyteknisk forening var også fora for dei som meinte at etableringa av statsskap var eit steg i retning planøkonomi og sosialisme. I ettertid er det oppsiktsvekkande at den statlege overtakinga av dei største industriføretaka i Tsjekkoslovakia blei dekka inngåande og ikkje minst sympatisk i fleire artiklar, vel å merke før Sovjetunionen tok over styringa i landet i 1948.⁶⁷ Påfallande er det også at dei einaste liknande framstøyta i utlandet som fekk noko tilsvarende merksemd var amerikanske, nemleg TVA og planøkonomien under verdskrigen; truleg var det rekna som mindre kontroversielt enn å løfte fram liknande idear frå Sovjet eller Tyskland. Teknisk ukeblad sin korrespondent Erling Brekke forklarer også noko av fascinasjonen

⁶⁴ Christine Myrvang, Falkeblikk og styringsteknikk, i *Årdal: verket og bygda 1947–1997*, red. Rolv Petter Amdam, Dag Gjestland, og Andreas Hompland, Oslo: 1997.

⁶⁵ TU, mai 1946, s. 251

⁶⁶ TU, 8. november 1945.

⁶⁷ Sjå t.d. Erling Brekke, «Nye paroler for Tsjekkoslovakias industri», TU nr. 50 1947.

ved å løfte fram det unike ved det tsjekkiske forsøket: «For første gang i historien har et land med en høyt utviklet industri og en relativt høy levestandard, overført de viktigste produksjonsmidlene til samfunnets eiendom og begynt på planøkonomiens veg.»⁶⁸ I tillegg til nyheitsverdien, beit Brekke seg særleg merke i at «[l]ederne i de nasjonaliserte bedriftene er for det meste uttatt av den intellektuelle teknikkerstanden [sic], hvilket vil si at ingeniørene har inntatt en sterk posisjon i landets økonomiske liv.» Brekke, som var fødd i 1915, var nok for ung til å ha vore involvert i Teknisk forening av DNA frå 30-talet, men tonen i reisebrevet hans kan vitne om at han delte deira syn.⁶⁹

Halvor Skjelmerud, som skreiv ein tilsvarande rapport om den amerikanske industripoduksjonen under krigen, var imponert over den store produksjonsauken både til sivile og militære føremål. Han åtvara mot å «tro at industrien selv, eller en annen privat institusjon, foresto den regulering og koordinering som man anså strengt nødvendig», og hevda tvertimot at den amerikanske krigserfaringa gav «en pekepinn om de muligheter som ligger i en sentralisert produksjonsplanlegging».⁷⁰ Det atlantiske var altså eit vel så viktig førebilete for somme tilhengarar av planøkonomi som det var for direktøringeniørar som Bache-Wiig. Samtidig understrekar innlegga til Brekke og Skjelmerud at ingeniørane ikkje talte med ei stemme. Om spreiinga i ytringar i Teknisk ukeblad er ein god indikator på politiske sympatiar i ingeniørstanden, tyder det på at Teknisk forening av DNA framleis hadde betydeleg oppslutning trass i direktøringeniørane sin aversjon mot slike meir radikale teknokratiske visjonar.

Sjølv om det var eit klart skilje mellom dei sosialistiske ingeniørane og direktøringeniørane i synet på statleg planlegging, var dei sameinte i synet på ingeniøren si rolle som den sjølvsagte industripolitiske autoritet. No kan ein innvende at det er naturleg i eit tidsskrift utgitt av ingeniørane si profesjonsforeining. Men i eit forum som Teknisk ukeblad, som må seiast å ha hatt breiare nedslagsfelt enn eit gjengs profesjonsorgan, kunne ein tenkt seg at direktørsjiktet forstod seg sjølv som primært leiarar og sekundært ingeniørar,

⁶⁸ Brekke, «Nye paroler for Tsjekkoslovakias industri», s. 698.

⁶⁹ Brekke merka seg at industripoduksjonen også her var lagt under eigne føretak, og ikkje organisert som ein del av forvaltningsa. Til tross for at Brekke sjølv hadde vore tilsett ved Norsk Jernverk året før, kommenterte han ikkje parallellane til dei norske statsaksjeselskapene. Brekke, «Nye paroler for Tsjekkoslovakias industri», s. 699; Bjarne Bassøe, red. *Ingeniørmatrikkelen: norske sivilingeniører 1901–55*, Oslo 1961.

⁷⁰ Skjelmerud, «Regulering av den amerikanske industripoduksjon under krigen», TU nr. 14, 3. april 1947, s. 201.

og at dei sosialistiske ingeniørane kunne argumentert for arbeidardemokrati snarare enn ingeniørmarkt. Det er derfor interessant at innlegga som går i retning av å prise planøkonomi legg så stor vekt på innverknaden ingeniørar kunne ha gjennom korporative organ, slik til dømes Skjelmerud gjorde ved å hevde at ingeniørforeininga hadde betydeleg innverknad på den amerikanske produksjonsplanlegginga.⁷¹ Hans *take-home message* frå USA var altså statleg regulering i nært samråd med ingeniørstanden. Derimot nemnde han ikkje offentleg eigarskap over produksjonsmidla som ein mogeleg del av ein slik korporativ planøkonomi. Sjølv om det altså finst innslag av nokså radikale teknokratiske idear i Teknisk ukeblad, var dei – med Brekke sine tsjekkiske reisebrev som unnatak – ikkje knytte til statsdrift.

Den kompensatoriske staten

Den sterke vektlegginga av å ha ei uavhengig, ingeniørutdanna bedriftsleiring, derimot, var nært forbunde med ei pragmatisk haldning til statleg eigarskap. Som nemnt innleiingsvis, har omgrepet kompensatorisk entreprenør blitt nytta om Arbeidarpartiet sine motiv for å etablere statsselskap i etterkrigstida. Eit sentralt poeng er at korkje industriminister Lars Evensen eller statsminister Einar Gerhardsen hadde planer om å overta industrianlegg som var etablert på privat initiativ. Det overordna målet var industrialisering og velstandsauke, ikkje offentleg eigarskap – Gerhardsen meinte tvert imot at «staten burde si nei hvis den private industrien kom og sa: 'Vær så god. Overta det hele'».⁷²

No kan ein innvende at nasjonal kontroll og meir anti-privatkapitalistiske motiv framleis var viktige, særleg for eigarskapen i Norsk Hydro.⁷³ Heller ikkje når det gjaldt dei andre statsselskapa var det aktuelt for Arbeidarpartiet å selje aksjar til private etter at selskapa først var etablert.⁷⁴ Slik sett kan konseptet kompensatorisk entreprenørskap vere vel så eigna til å forstå Høgre si noko skeptiske oppslutning om statleg eigarskap.⁷⁵ Tilsvarande kan det gripe mykje

⁷¹ I tillegg til å vere ei form for jurisdiksjonskrav innanfor ei omlegging i retning planøkonomi, kan dette minne om den forma for profesjonsstyrkt korporativisme som sosiologen Eliot Freidson har kalla profesjonalisme. Eliot Freidson, *Professionalism: the third logic*. Cambridge 2001 [2004].

⁷² Lange 1991; Lange 1998: særleg s. 132–33, 69–73.

⁷³ Christensen 2003: 84.

⁷⁴ Grønlie 1989.

⁷⁵ Til dels også ved oppbygginga av den norske oljeverksemda på 1970-talet, jf. Håvard Brede Aven,

av korleis direktøringeniørane agerte andsynes statens rolle som industriherre. Resonnement om statens kompensatoriske rolle trer klart fram i Teknisk ukeblad sine spalter, som i dette innlegget om Jernverket, signert Marius Brostrup Müller: «Kapitalbehovet blir (...) stort og kan her i landet neppe løses på annen måte enn gjennom Statens medvirkning.»⁷⁶ Müller var ein leiande ingeniør i jernverkskommisjonane som også hadde bakgrunn frå Christiania Spigerverk og Studieselskapet.

Denne vurderinga stilte også Jens Bache-Wiig seg bak. Han understreka at privat eigarskap hadde vore, og burde vere, hovudregelen for industridrift i Noreg: «[V]i må aldri glemme at det er de dristige tiltak av private industri-drivende som har skapt grunnlaget for vår industri her i landet.» Men han hadde ikkje eit vondt ord å seie om industriproduksjonen som lenge hadde gått føre seg i statlege Kongsberg Våpenfabrikk, Raufoss eller i tilknyting til jernbana eller marinen, og heller ikkje om statens eigarskap i metall-industriføretaka som hadde kome til etter frigjeringa. Aksepten grunngav han dels med at det skorta på privat kapital, men når det kom til dei nye statsselskapene gjaldt det berre for det eine: Jernverket i Mo i Rana «ville det visstnok være vanskelig å reise uten statens medvirken, men de andre kunne private sannsynligvis ha greid, om staten hadde villet det.»⁷⁷ Det er uvisst kva private selskap Bache-Wiig sikta til her. Eger meinte at Elkem ikkje var i stand til, eller hadde interesse av, å eige og drive fabrikkanlegg i Årdal, men kanskje meinte Bache-Wiig at Hydro eller eit konsortium kunne klart det.

Bache-Wiig meinte altså at statleg eigarskap dels kunne rettferdigjera staten på privat initiativ, men vel så viktig er det at han ikkje meinte dét var ein naudsnyt føresetnad for å akseptere statsdrift. Rett nok presiserte han at når staten etablerte nye føretak var det «noe helt annet enn om Staten overtar bedrifter som tidligere har vært eid og drevet fram av private,» altså at ekspropriering eller oppkjøp var meir problematisk. Det er likevel uklart om det var ei ukrenkeleg grense for han: «Jeg anser det (...) ikke for noen ulykke at det eksisterer statseide aksjeselskaper. Hvis de drives på en samfunnsgagnlig og

Høgres syn på statleg eigarskap i norsk oljeverksemid 1970-1984, Masteroppgåve i historie, Universitetet i Oslo, 2014.

⁷⁶ Brostrup Müller, «Jernverket», TU nr 25 19. juni 1947.

⁷⁷ TU, nr. 42 1947, s. 583.

forretningsmessig måte, er det ikke avgjørende for et selskaps trivsel om aksjene eies av Staten eller private.»⁷⁸

Det kompensatoriske aspektet ved statleg eigarskap var altså viktig, men det avgjerande for Bache-Wiig og Owe var det dei kalla forretningmessig drift. No var også Arbeidarpartiet og Teknisk forening av DNA klare på at statsselskapa skulle organiserast som aksjeselskap med stor handlefridom for styret og bedriftsleiinga; her stod Arbeidarpartiet nærmere Bache-Wiig og Owe enn det Høgre gjorde.⁷⁹ Men industripolitikarane i arbeidarrørsla tenkte seg likevel at dette prinsippet på eit vis skulle kunne inngå i eit planøkonomisk styrings-system.⁸⁰ Dét ønska ikkje Bache-Wiig og Owe – som styreformann og direktør i statsdominerte selskap kravde dei full handlefridom.

Nasjonalt samarbeid

Omgrepet kompensatorisk entreprenørskap leier tankane i retning fleire til dels motstridande roller for ingeniørar i styringa av samfunnet: På den eine sida føreset det ei form for industrialisme, at målet om industrialisering og teknologisk framgang trumfar både liberale og konservative ideal om privat eigarskap og sosialistiske ideal om arbeidarstyrte mørnsterbedrifter. På den andre sida inneber det moderate vyer for statsselskapa, idet dei kun skulle kompensere for konkrete oppgåver som private selskap ikkje makta. Som vi har sett tiltalte begge desse momenta, men særleg det siste, ingeniørane som gjekk inn i leiinga av statsselskapa. Men kva var det som avgjorde kva for slike kompensatoriske framstøyt staten skulle gje seg i kast med? Det var rikeleg av andre industrielle geskjeftar norsk privat næringsliv ikkje dreiv med, men det var ikkje aktuelt at staten av den grunn skulle etablere ein vertikalt integrert bilprodusent etter fordistsk modell, ei heller – på dette tidspunktet – å skipe eit nasjonalt olje- eller gasselskap slik andre europeiske statar gjorde.⁸¹

Noko av svaret finn vi i det at både jernverket og Årdal verk var tenkt å bygge på teknologi utvikla av Elektrokemisk og Christiania Spigerwerk, begge

⁷⁸ TU nr 23 1948, s. 302.

⁷⁹ Jf. Øyvind Nordbrønd Grøndahl, *Frihet og styring: Arbeiderpartiets og Høyres styringsfilosofier og styringspraksis overfor statsbedriftene 1945–1986*, Hovudoppgåve, Universitetet i Bergen, 1991.

⁸⁰ Grønlie 1989: 127–9.

⁸¹ Jf. Alain Beltran, red. *A Comparative History of National Oil Companies*, Brüssel 2011.

sentrale medlemmer i Studieselskapet for norsk industri. Jernverket var ei realisering av ein idé som hadde vore snakka om i næringslivskrinsar i fleire tiår,⁸² seinast i Studieselskapet. Studieselskapet var som sagt først tenkt som eit finansieringsselskap – kanskje med utbytteavgrensing, men i alle fall ikkje eit selskap som skulle berike eigarane. Knut Sogner ser derfor Studieselskapet som eit framhald av Sam Eydes opphavelige visjonar for Elektrokemisk, altså eit holdingselskap som starta opp ei rekke nye verksemder for deretter å selje dei; eit konglomerat som kompenserte for manglende investerings- og samordningsevne hos dei mindre selskapene kvar for seg. I den forstand kan etableringa av Studieselskapet sjåast som eit uttrykk for eit ønske om *nasjonalt* samarbeid. Og når Studieselskapet ikkje blei noko av, samarbeidde folk som Eger med staten i «en slags pragmatisk nasjonal allianse med en front mot ideologisk inspirerte sosialister og liberalister.»⁸³

Dermed kan ein kan spørje seg kven som eigentleg var entreprenøren her – sosialiseringssideologar som Colbjørnsen, ingeniørutdanna leiarar som Eger og Owe, statsrådar og statssekretærar i Arbeidarpartiregjeringa, eller *staten* som sådan? Ein kan sjå staten som ein kompensatorisk *investor* som finansierte planene til industrileiarane, eller som ein strategisk entreprenør som vidareutvikla og sette i verk idear henta frå fleire ulike hald. I alle høve understrekar samarbeidet mellom Arbeidarpartiregjeringa og direktøringeniørane at entreprenøren her ikkje var eit einsamt geni, men ei rekke ulike strategar som var avhengige av store organisasjonar og breitt samarbeid.

At statsselskapa vart forma av ei slik nasjonal allianse, minner i stor grad om Peter Katzenstein sine studiar av sentral-europeisk korporatism i den same perioden. I følgje Katzenstein blei statsselskapa her ikkje oppfatta som sosialisistiske eksperiment eller fordelingspolitikk, men tvert om ønska av det private næringslivet utifrå ei overtyding om nasjonal kontroll over industrialiseringa.⁸⁴ I forlenginga av dette argumentet kan ein kanskje snakke om to ulike, men nærskyldne og fullt kompatible måtar å samarbeide med staten på blant ingeniørane frå dei private industriselskapene: Jens Bache-Wiig og Aage Owe og krinsen rundt dei ved å gå inn i leiinga til statsselskapa, Eger og Schjelderup ved å gi råd og tilby teknologiske løysingar.

⁸² Grønlie 1973.

⁸³ Sogner 2003: 129.

⁸⁴ Peter J. Katzenstein, *Corporatism and change: Austria, Switzerland, and the politics of industry*. Ithaca, N.Y 1984.

I grove trekk synest det som ei kjerne i Studieselskapet for norsk industri, altså dei med tettast band til Eger og Schjelderup og selskapa dei leia, gjekk inn i styret og administrasjonen til Norsk Jernverk, medan dei som hadde engasjert seg sterkest i ingeniørforeininga gjekk inn i Årdal verk.⁸⁵ Det er såleis talande at ein av dei sentrale i kontinuumet frå Christiania Spigerverk via ymse kommisjonar til styret i Norsk Jernverk, Marius Brostrup Müller, argumenterte utifrå omsynet til nasjonal kontroll og sikre forsyningar til den øvrige norske industrien, når han talte Jernverkets sak i Teknisk ukeblad.⁸⁶ Også personar som elles var kritiske til dei konkrete planane, som Fredrik Hurum, var positive til den nasjonale kontrollen som blei sikra av statsselskapet: «A/S Norsk Jernverk har satt seg som oppgave å utnytte norsk jernmalm og norsk vannkraft, og det bør vi alle være med på å støtte.»⁸⁷ Overtydinga om ei nasjonal industrireising oversteig på denne måten motsetnaden mellom statleg og privat eigarskap.

Vidare var det overordna, uttalte målet til Studieselskapet å unngå arbeidsløyse i den utstrekninga ein hadde opplevd i mellomkrigsåra. Middelet var nærrare samarbeid mellom norske industribedrifter, etter mønster frå den industrielle utviklinga i resten av Vest-Europa og Nord-Amerika. Sjølv om jernsaka har fått mest merksemd i ettertid, var det i hovudsak mindre industri- etableringar det føreslegne holdingselskapet var meint å finansiere. Det er verdt å merke seg at Studieselskapet sitt svar på utfordringa frå internasjonale storføretak og sentralisert planlegging dermed ikkje berre var imitasjon av store, vertikalt og horisontalt integrerte selskapsstrukturar, men også å bruke holdingselskapet til å opprette fleire mindre verksemder.⁸⁸ I all hovudsak blei slike mindre føretak framleis eigmund av private. For øvrig var holdingselskapet berre ein liten del av Studieselskapet sine tidlege ambisjonar. Som namnet indikerer, var eit sentral føremål å formidle forskingsresultat frå vitenskaplege miljø til industrien, og å førestå import av teknologiske og organisatoriske nyvinningar frå andre land.⁸⁹ Dette var også det Eger la vekt på i oppsummeringa av Studieselskapet si verksemd i Teknisk Ukeblad.

Ein bør altså både nyansere Sejersted si tolking av Studieselskapet som eit slags forkjøpstrekks for å unngå statleg eigarskap, og moderere Nygaard sitt

⁸⁵ Basert på Børresen 1995: 52–69; og Sevje 1977.

⁸⁶ Brostrup Müller, «Jernverket», TU nr 25 19. juni 1947.

⁸⁷ Hurum, «A/S Norsk Jernverk – til nytte eller skade for landet?», TU nr 18, 1. mai 1947, s. 268.

⁸⁸ Slik sett er det ein kontinuitet frå Lehmkuhl si norske, desentraliserte tilpassing av ingeniørøkonomien, jf. Jakobsen 1994.

⁸⁹ Sevje 1977.

forslag om å sjå på grupperingane rundt Studieselskapet og Ingeniørforeininga som åtskilte representantar for ulike syn på statleg eigarskap.⁹⁰ Sjølv om Studieselskapet frå starten snakka om å etablere eit privateigd holdingselskap for nye industriinvesteringar, synest ikkje det primære føremålet å ha vore å avverje statlege industrietableringar. Schjelderup nemnde betydinga av å komme arbeidarrørla i forkjøpet som eit motiv i notatet som låg til grunn for stiftinga, og det er dette Sejersted har lagt vekt på. Men korkje ideen om eit holdingselskap eller skremmebiletet om statsdrift dukkar opp i seinare dokument frå studieselskapet,⁹¹ noko som kan tyde på at vi burde tone ned betydinga av Schjelderups notat. Kor vidt det i det heile tatt var Schjelderup si personlege overtyding eller eit forsøk på å appellere til industrialistar med sterke aversionar mot arbeidarrørla, er heller ikkje openbert. Kort tid etter krigen var uansett samarbeid mellom Studieselskapet og staten innan ei rekke felt så nært at det hausta krass (men underhands) kritikk frå Industriforbundet.⁹²

Byråkratiets oppseding

Sjølv om dei fleste av direktøringeniørane som gjekk inn i Norsk Jernverk og Årdal verk først og fremst rettferdigjorde etableringa av statsselskapa med at dei var substitutt for privat eigarskap eller som eit ledd i eit nasjonalt prosjekt, fanst det også andre sider ved staten si nye rolle som appelerte til dei. Bache-Wiig ser ut til å ha blinka seg ut ei oppgåve som oppdragar for Stortinget og forvaltninga: «For bestående private foretagender tror jeg det bare er heldig at statens vedkommende får erfaring på området. De vil lære industriens problemer å kjenne og vil bli mer direkte interessert i å bidra til å løse disse problemer.»⁹³ Denne haldninga kan minne om skildringar av Erik Brofoss som ein sosialøkonomisk læremeister for Stortinget, regjeringa og styringsapparatet, der «regjeringen med Einar Gerhardsen [følte] at de ble oppdratt «til gagns»».⁹⁴ Bache-Wiig såg kanskje innsatsen sin i Årdal verk som eit offer. Men sjølv om vi ikkje bør overdrive elementet av vaksenopplæring i statens industriengasjement, såg altså Bache-Wiig for seg at politikarar og byråkratar så å seie

⁹⁰ Sejersted 1993: 186-87; Nygaard 2013: 67–69.

⁹¹ Sevje 1977: 31ff.

⁹² Sevje 1977.

⁹³ TU, nr. 42 1947, s. 583.

⁹⁴ Slagstad 1998: 530.

kunne bli oppdratt til å tenke som private industrileiarar gjennom eigarskapen i dei nye industriføretaka.

Konklusjon

I det ein kanskje kan kalle ein norsk *Sonderweg*-tradisjon er inntrykket som festar seg gjerne dette: «Etter venstrestatens fase kom ikke lenger den økonomiske elite til å spille en formende politisk rolle.»⁹⁵ I eit komparativt perspektiv er nok dét riktig. Også samanlikna med dei føregåande tiåra utmerkar etterkrigstida seg med at det ikkje lenger var skipsreiarar som sat på statsministerens kontor. Men ein må likevel ikkje underspele innverknaden direktørsjiktet i den privateigde industrien fekk på både dei nye statsselskapa og industripolitikken for øvrig. Denne kontinuiteten frå tidlegare tider betyr ikkje nødvendigvis at vi burde legge mindre vekt på betydinga av statleg eigarskap i norsk økonomi, men at forklaringa og fortolkingar av statleg eigarskap også må søkast andre stader enn i statsapparatet. Direktørar som Bache-Wiig, Ihlenbrørne, Owe og Eger var rett nok ikkje reindyrka kapitalistar i klassisk marxistisk forstand, sidan dei òg var leiatar i kraft av si ingeniørutdanning og ikkje kun kapitaleigarar. Om norske næringslivsleiarar mista legitimitet som resultat av krisene i mellomkrigstida og andre verdskrigen,⁹⁶ kan ein neppe spore noko slikt for ingeniørane som profesjon. Snarare tyder karrierebanene til dei nemnde ingeniørane på at næringslivets menn kunne henta legitimitet frå ingeniørutdanninga. Dei stod alle likefullt i ein privatkapitalistisk tradisjon, og hadde alle bygd sine karrierar enten som eigarar eller medeigarar, eller som leiatarar, i private industriføretak. Ein kan altså ikkje sjå innverknaden deira ute-lukkande i lys av tilknytinga til ingeniørprofesjonen eller som ein delegert autoritet frå staten, men også som representantar for den industrielle borgarskapen.

Av ingeniørane som debatterte statsdrift i Polyteknisk foreining og Teknisk ukeblad på slutten av 40-talet var dei fleste bedriftsleiarar eller ingeniørar i andre leiande stillingar. Haldningane i direktørsjiktet var nok avgjerande for at statsselskapa fekk den forma dei fekk. Men spaltene i Teknisk ukeblad er elles lite eigna til å seie noko om kva dei meinige medlemmane av Den norske ingeniørforeining, for ikkje å snakke om teknikarorganisasjonen NITO,

⁹⁵ Formulering frå Slagstad 1998: 503.

⁹⁶ Francis Sejersted, Kapitalisme og demokrati. En sammenligning av næringslivsledelsens legitimetsgrunnlag i Sverige og Norge, i *Norsk idyll?*, Oslo 2000.

meinte om dei nye statsselskapa. Leiarskiftet i Den norske ingeniørforening i 1946, der Bache-Wiig tapte ei kampvotering om presidentvervet, innebar at funksjonæringeniørane fekk auka innverknad over profesjonsforeininga og kan vere vesentleg i så måte. Medan funksjonærane sine interesser først og fremst skilde seg frå direktøringeniørane sine ved at dei var høvesvis arbeidstakrar og leiarar i mange av dei same føretaka,⁹⁷ kan det også ha vore ein intern motsetnad i synet på korleis statsselskapa skulle drivast.⁹⁸

For å kunne seie noko om kva ingeniørane i funksjonærstillingar eller ingeniørforeininga som organisasjon meinte, må ein altså gå til andre kjelder. Dette kan vere særleg interessant med tanke på ideane om ingeniørøkonomi som hadde kome til uttrykk i Teknisk ukeblad før krigen. Det er nokså tydeleg at idear om ingeniørøkonomi ikkje fekk gehør hos direktørsjiktet blant ingeniørane, og dermed ikkje er noko forklaring på at dei slutta opp om statsselskap. Men det er temmeleg mange døme på positive omtalar av planøkonometiske erfaringar i Tsjekkoslovakia og USA i innlegg frå mindre prominente ingeniørar, noko som kanskje tyder på at slike idear var meir utbreidde blant NIFs og NITOs medlemmer elles, eller at Teknisk forening av DNA hadde ein viss appell uavhengig av direktøringeniørane sin dominans i statsselskapa. Samtidig kan mangelen på innlegg som var kritiske til statsdrift kome av at ingeniørar som var skeptiske til samarbeidslina til Bache-Wiig, Eger og Owe ikkje rekna Teknisk ukeblad som det mest relevante forumet å uttrykke seg i; også dei som samarbeidde nært med staten kan ha kome med krassare kritikk i andre fora, til dømes i dei ulike korporative samarbeidsorgana. I og med at det ser ut til at skiljet var klarare mellom Industriforbundet og Studieselskapet enn mellom Studieselskapet og ingeniørforeininga, vil ei studie av direktøringeniørane som arbeidde i eller primært var organisert i Industriforbundet også kunne kaste nytt lys over ulike haldningar til statsdrift i ingeniørprofesjonen og blant industrileiarar.

Folk som Bache-Wiig og Eger var rett nok skeptiske til at staten burde drive industriproduksjon, og tok seg i vare for å presisere at norsk næringsliv var tufta på privat initiativ. Mange i Studieselskapet for norsk industri, som alle desse var tilknytte, kan ha meint at meir ustrakt privat samarbeid var naudsynt for å komme liknande framstøyt frå det offentlege i forkjøpet, noko som særleg kjem til uttrykk i det hyppig siterte tidlege notatet frå ini-

⁹⁷ Nygaard 2013: 119ff.

⁹⁸ Jf. Thomas Brante, Professional types as a strategy of analysis, i *Professions in theory and history : rethinking the study of the professions*, red. Michael Burrage og Rolf Torstendahl, London: 1990.

tiativtakaren Gunnar Schjelderup. Men det var ikkje hovudføremålet, truleg ikkje eit avgjerande omsyn, og neppe eit syn Schjelderup sin nære samarbeids-partnar Willy Eger delte.

Både i initiativet til Studieselskapet og i samarbeidet med dei nye statsselskapa, ligg ei førestilling om at norske industriselskap var for svake kvar for seg. Det var utifrå ei slik overtyding at Ihlen-brørne, Bache-Wiig og Owe målbar ein idé om at staten kunne gå inn som ein kompenserande investor eller entreprenør, vel å merke med eit avgrensa mandat og innanfor klare rammer. Eit vesentleg moment var også at statsselskapa var framhald av idear som hadde versert blant private industriselskap i fleire tiår eller var bygd på norsk teknologi. Både Studieselskapet og ingeniørane si tilslutnad til etableringa av statsselskapa bar også preg av ein industrialiseringsideologi som likna den Gerschenkron identifiserte hos Saint Simon og hans disiplar, i hovudsak den sterke teknologioptimismen og oppfatninga om at det var naudsynt å ta igjen eit teknologisk forsprang. Noko visjon om å bryte med marknaden som organiserande prinsipp kom derimot ikkje til uttrykk i desse miljøa, og særleg Jens Bache-Wiig var ein uttalt motstandar av slike idear.

Oppslutninga om Studieselskapet for norsk industri, samt det tette nettverket til dei leiande direktøringeniørane i ingeniørforeininga, vitnar om ei oppfatning om at sterkare organisasjoner og samarbeid mellom bedrifter var naudsynt – altså eit større innslag av planlegging. Men dei presiserte at koordineringa kunne skje utan sentralisert statleg planlegging og innanfor rammene av aksjeselskapsforma. Derimot kan ein spore ein viss skepsis til å utvide verkeområdet til demokratisk valde organ: Ordskiftet i Teknisk ukeblad tyder på at direktøringeniørane meinte at det var nødvendig at erfarte industrileiarar, som dei sjølv, burde leie dei nye føretaka utan monaleg innverknad frå eigarar, om dei no var private aksjonærar, departement eller folkevalde organ. Dette teknokratiske aspektet var kanskje tydelegast formulert hos Owe og Bache-Wiig. Ei av dei viktigaste kampsakene til Ingeniørforeininga medan dei to hadde sentrale verv der, var nettopp å konsolidere og definere ingeniørane si stilling som den sentrale leiingsprofesjonen både i privat industri og i offentleg infrastruktur.⁹⁹ Her synest det som profesjonstilhøyrla og direktørerfaringane drog i same retning: Det var viktigare med sterke og kyndige, det vil seie ingeniørutdanna, leiarar enn med private eigarar.

⁹⁹ Nygaard 2013.